

Spørsmål frå representanten Trude Brosvik (KRF)

«Landslina for tunge køyretøy

Eg er gjort merksam på at fylket får tilskot til å ta inn 30 elevar på landslina for tunge køyretøy i Sogndal, men berre tar inn 24 elevar.

Næringa seier der er ungdom som vil gå der, og at dei har stort behov for fleire sjåførar.

Det er dermed heller ikkje vanskar for elevane å få lærlingplass.

Kva er grunnen til at vi berre tar inn 24, når staten sttt tilskot til klassen er for 30 elevar, og det er søkarar som ikkje får plass? Er det samme stoda på skulen på Os?

Kan vi gjere noko for å gje plass til fleire av søkarane allereie i år?»

Svar frå fylkeskommunedirektøren:

Landslinetilbodet ved Sogndal vgs er godkjent for 30 plassar og har 24 elevar, fordelte på to klassar. Driftstilskot til landslinjer blir utbetalt med 85% på grunnlag av godkjent kapasitet og 15% på grunnlag av faktisk elevtal. Kursa er på 19 veker, og går både haust og vår.

Avdelingsdirektøren for opplæring kompetanse har vore i kontakt med både Sogndal og Os vgs. Driftstilskotet dekkjer ikkje på langt nær alle utgiftene til denne opplæringa, fylkeskommunen dekkjer deler av kostnadane, slik var det også i dei to tidlegare fylka. I tillegg opplyser Os vgs at statleg tilskot til investeringar er halverte og i tillegg har dieselprisane auka kraftig.

Yrkessjåførutdanninga er krevjande, med krav om innmelding av alle gjennomførde kompetansemål på kvar enkelt elev, for at dei skal få sertifikata som trengst for å bli yrkessjåfør. Krav til timetal i bil har auka i læreplanen, dette er lovpålagde timar med ein lærar og ein elev.

Ved Os vgs har dei teke inn ein ekstra elev i kvar av klassane dette skuleåret, totalt 26 elevar, og har godkjenning for 30 elevar. Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse vil dekke desse ekstrakostnadane.

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse skal i dialog med skulane om kva som trengs for å auke kapasitet frå skuleåret 22/23. Sogndal vgs opplyser at inntak av fleire elevar, frå 12 til 15 i kvar klasse betyr auka ressursbehov, både på investerings- og driftsutgifter. Skulen vil trenge ekstra bil og ekstra lærar. Det har vist seg vanskeleg å rekruttere kvalifisert personell til denne opplæringa.